

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Trond Roy Pedersen
Arkivsaksnr.: 16/431 - 7

Arkiv: 631

Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage

LÆRINGSBRETT - VIDARE SATSING

På møtet i Hovudutval for skule og barnehage den 21.1.16 i sak 5/15 blei *Prosjektplan for nettbrett i Klepp* vedteken. Det vart samstundes vedteke å gje ei ramme på kr 1 600 000 til utstyr frå allereie løyvde investeringsmidlar til ikt i etaten, og resten kr 1 450 000 frå disposisjonsfondet.

Som det går fram av prosjektplanen, har eit klassesteg ved Tu skule og Engesvoll skule vore pilotskular våren 2016, for særleg finna ut kva som er optimal opplæring for elevar og tilsette. Som Time kommune var Klepp mest nøgd med det opplæringsopplegget firmaet RIKT har gjennomført. Derfor har alle skulane i august og september gjennomført denne opplæringa på 1 eller 2 steget. Horpestad og Vasshus har fått 1-pad til 2 steg, medan dei andre skulane har vald ut kvart sitt pilotsteg. Det betyr at Tu skule og Engelsvoll skule nå har 2 steg.

Erfaringar så langt

Oppsummeringa etter kort brukstid syner stor entusiasme frå tilsette og elevar, men også frå foreldre. Saman med rapporten frå Time kommune tilseier det at Klepp kommune set seg mål for vidare satsing. Time kommune har nå hatt erfaringar i 2 år. Rapporten frå Time er svært relevant for Klepp. Denne følger som vedlegg og oppsummerer i det vesentlege at dette er ei rett satsing. Time kommune har nå vedteke at alle tilsette og elevar skal ha læringsbrett i løpet av 2018.

Også Gjesdal kommune har gjort vedtak om full innføring av læringsbrett. Erfaringar frå andre kommunar som er i gang, går i same leia. Det vil sjølvstøtt vera for tidleg å vita om læringsbrett vil gje betre læringsutbytte for elevane, men med så høg grad av entusiasme som er rapportert, var det underleg om ikkje så skulle bli tilfelle. Når det gjeld elevar med spesielle behov, er rapportane gode frå lærarane når det gjeld læringsutbytte allereie. Det blir lagt opp til læring av kvarandre gjennom Jærskulen når det gjeld digital kompetanse.

Økonomi

Time kommune har vald leasing for ein 3 årsperiode. Som det gjekk fram av saka i januar, enda Klepp på at det på lang sikt vil vera meir rekningsssvarande å kjøpa maskinane. Det er pårekna 5 års brukstid. Men kommunen må gjera seg erfaringar med bruken i forhold til om dette er høveleg levetid for bretta.

Dersom erfaringar tilseier at læringsbretta ikkje er rett satsing, må ein pårekna ein restverdi for bretta. Denne følger i vedlagde oppsett.

Kostnadene for full innføring av læringsbrett til alle tilsette på skulane og elevane vil vera slik:

INVESTERINGSPLAN LÆRINGSBRETT 2017 og 2018

(i mill kr)

Kostnad læringsbrett alle tilsette og elevar (- 600 i 2016)	14 000
Disposisjonsfondet er på	7 600

	2017	2018	2019	2020
--	------	------	------	------

Gjeldande investeringsplan	2 200	2 400	2 600	
Avsett til barnehage og IT-ansvarlege	500	500	500	
Til læringsbrett	1 700	1 900	2 100	
Investeringsframlegg	4 200	4 400	1 600	1 800
Avsett til barnehage og IT-ansvarlege	500	500	500	500
Til læringsbrett	3 700	3 900	1 100	1 300
Frå disposisjonsfond	3 400	3 000		
Kostnad	7 100	6 900		

Rådmannen vil leggja dette investeringsprogrammet fram for økonomiplanutvalet ved behandling av Handlings- og økonomiplanen for 2017- 2020. Ein vil koma i mål med investeringa i 2018 ved å nytta 6,4 mill av disposisjonsfondet.

Viss målet er å ha fullt trøkk på læringsbrett-opplæringa frå 2018, lar det seg gjera ved å flytta fram løyvingar i 2019 og 2020 med 1 mill kvart år. I tillegg er det lagt inn ein auke på 1 mill for kvart av åra 2017 og 2018.

Vurdering:

Dette er først og fremst ei sak for å få godkjenning på om det skal leggst fullt trøkk på læringsbrettopplæring i løpet av dei 2 komande åra. Det er 2 viktige sider ved dette:

1. Er det grunn til å tru at tiltaket vil gje betre utbytte av undervisninga?
2. Kan ei så stor økonomisk satsing godkjennast?

Til 1: Elevane sitt utbytte av bruk av læringsbrett

Dei tilsette sin vilje til å vera med på denne utviklinga er sentralt. Og det krev at det blir gitt grundig opplæring, slik som er gjort til nå. Det er også positive signal frå foreldregruppa til elevar som deltek. Motivasjon og meistring står sentralt i skulen. Motivasjon har vore ei utfordring. Signala når det gjeld læringsbrett, er at sjeldan har ei endring medført så stor grad av entusiasme og motivasjon. Motivasjon for læring er eit av dei viktigast grunnlaga for elevane sitt utbytte.

Den digitale utviklinga i samfunnet krev at alle elevar må bli førebudd til å meistra den nye kvardagen. Utviklinga går uvanleg fort, og det er sentralt at skulen nå heng med. I for stor grad har skulen hengt etter her.

Digital kompetanse er også ein av dei 4 grunnleggande ferdigheiter i Kunnskapsløftet og er sentralt i Ludvigsen-utvalet si tilråding til regjeringa.

Til 2: Økonomisk satsing på læringsbrett

Som det går fram av den økonomiske oversikta, vil det vera mulig å realisera læringsbrett-prosjektet i løpet av 2018. Dette ville vore vanskeleg om ikkje etaten hadde hatt eit rimeleg stort disposisjonsfond. Fondet er på ca 7,6 mill. Om kommunestyret ikkje vel å følgja rådmannen si tilråding om å flytta fram midlar frå 2019 og 2020 til 2017 og 2018, og ikkje vil leggja på 1 mill meir for dei to første åra, må hovudutvalet ta ein ny runde på målsetjinga om når prosjektet kan vera i hamn.

Vedlegg:

- Nettbrett for læring – evalueringsrapport av pilotprosjekt i Time kommune 2014-16

- Restverdi på Ipad

Innstilling:

Kommunalsjefen sitt forslag til vedtak:

1. Målet er at investeringane til læringsbrettprosjektet er gjennomført i 2018.
2. Under føresetnader av at kommunestyret vedtek framlegg til investeringsprogram frå rådmannen, kan det nyttast 6,4 mill av disposisjonsfondet til prosjektet i 2017 og 2018. Føresetnaden er også at etaten held seg innanfor budsjetttramma for 2016.

Rådmannen i Klepp 12.10.2016

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.